

Valestiftinga

Årsmelding

2004

Føremåls-paragrafen:

"Valestiftinga skal ha til føremål på ideelt og ikkje kommersielt grunnlag ta vare på, forvalta og utvikla natur og kulturhistoriske verdier i noverande Valen skulekrins, til allmennyttige føremål til beste for bygdefolk, sjukehus og andre brukargrupper."

Valestiftinga vart formelt stifta etter allmøte/stiftingsmøte den 23.02.2004. 23 personar møtte frå Valen krins og skreiv under stiftingsprotokollen. Grunnkapitalen til Valestiftinga er "Kaien og Buo" som vederlagsfritt er overført til stiftinga frå Hordaland fylkeskommune. Verdien ved stiftingstidspunktet vart sett til Kr 100.000.

Styret

Styremedlemer:

Reidar Handeland, vara Rune Thorkildsen
Sven Løkeland, vara Arnt Idar Teigen
Ove Tvedt, vara Jon Inge Brendeland
Arnfinn Mølster, vara Hans Petter Boge
Even Heimstad, vara Kjell Einar Thorkildsen
Synnøve Handeland, vara Karin Harsvik
Sissel Årseth, vara Kristian Bringedal
Jarle Mehammer, vara Evelyn Rein

Leiar: Reidar Handeland

Kasserar: Jarle Mehammer

Sekreter/skrivar: Sven Løkeland

Juridisk støtte: Synnøve Handeland

PR/Internet-ansvarleg: Kjell Einar Thorkildsen

Leiar arbeidsutval Kaien: Arnfinn Mølster

Leiar arbeidsutval postvegen: Ove Tvedt

Arbeidsutval:



Kaien: Arnfinn Mølster, Rune Thorkildsen, Even Heimstad, Reidar Handeland, Sven Løkeland

Postvegen: Jarle Mehammer, Arnt Idar Teigen, Karin Harsvik, Hans Petter Boge og Ove Tvedt.

Arbeid som er utført:

Kaien

Sjølve kaien har fyrste prioritet i det vidare arbeidet..Halve kaidekket mot sør er rive. Det er støypt nytt betongdekke på innerkaien og det er klargjort for nytt dekke på heile kaien, planlagt ferdig innan neste sommar. Økonomien har lagt noko dempar på framdrifta, men det ser no ut til at det skal bli rom for fullføring av kaidekket innan sommaren 2005.



Buo




Med omsyn til "Buo" vart det på vårparten sett i gong storrydding innahus frå "kjellar til loft". Mange traktorlass med skrot vart kjørt vekk. I 2 etg vart veggplater og gammal innreiing rive. Nokre gamle kurositetar er blitt teke vare på. Planar for det vidare arbeidet med bua er diskutert, men enno ikkje setla. Vassleidningen er reparert, slik at vi no har vatn klar for innlegging. Det vil med det første bli instalert ei foreløpig enkel kjøken-innreiing og lagt inn vatn i 1 etg.

Det er totalt lagt ned om lag 500 dugnadstimar på kaien og Buo i 2004.

Planar for "Buo"

Hovudsaker:

1. Bevaring av det som er spesielt
2. Gjera huset funksjonelt for ny bruk
3. Tilbakeføring i tid ? Til kva?
4. Samling av gjenstandar knytt til sjøen og lokalhistoria på Valen
5. Tilretteleggja for bukarar som sjukehuset, skulen og eigarane, Valebuen.



Postvegen

Arbeidsutvalet har hatt slik samansetting: Jarle Mehammer, Arnt Idar Teigen, Karin Harsvik, Hans Petter Boge og Ove Tvedt.

Me har hatt 4 møter og planlagd arbeidet og passa på økonomien.

De som er blitt gjort i 2004 er:

- Synfaring langs heile traseen gjennom Valen krins med Sissel Aarseth (Kultur K.kommune) og Nils Nonås (Statens vegvesen)
- Utarbeid framdriftsplanar for arbeidet med heile traseen gjennom Valen krins.
- Sendt inn søknad om SMIL midlar frå Kvinnherad kommune. (fekk 28000)
- * Avtalar med grunneigarane i Teigadalen
- Avtale med Arve Eskeland om istandsetjing av "vegkjerna" i Teigadalen, på Gravhaugen og på gardsvegen mot Handeland. I jan. 2005 vart "vegkjerna" i Handelandsekjo gjort klar for grusing.

Dugnad med rydding langs vegen i Teigadalen

Innkjøp av ca 500 tonn med grus (Helge Roald Rein forskotterte ca 38000 Lagra på kaien til Kvinnherad sveis og montering, takk til alle!)

Grusing av heile Teigadalen. (dugnad)

Sendt inn søknad til Statens Vegvesen v/ Nonås om stønad til innkjøp av grus til heile traseen. (innvilga i sin heilhet i febr. 2005, kr 94 000)

Framdriftsplanane er blitt følgd nesten heilt ut, med unntak av

Bakkabrekko. Den er utsatt til 2005, men me har teke Handelandsekjo før tidsplanen.

Det er utført 336 dugnadstimar (av 33 personar) + 59 timar med traktor på postvegen i 2004. I tillegg til dette har Valen sjukehus og Valen og Handeland Gard hatt mange dugnadstimar på "Postvegen sør"

Valen 25.02.05/Ove Tvedt

PR / Internet

Valestiftinga har hatt eiga heimeside i underkant av eitt år. Denne har hatt adressa: valestiftinga.tk, som er eit gratisdomene gjennom øystaten Tokalou. Sida er besøkt 2600 gonger sidan oppstart.

Det er lagt ut ein del historikk, bilder og anna. Hovedfokus i denne perioden har likevel vore utviklinga i arbeidet med kai og postveg. Det vert no arbeid med ny design og diverse kartmateriell (stadnamnkart).

Utvikling vidare: Eg foreslår å oppretta eit nytt domene, t.d. valestiftinga.no. Dette vil føra til ein annan handlingsfridom for alle involverte t.d. levere eige materiell direkte til server, eigne e-postadresser, større kapasitet; viktigast for underskrivne vil likevel vera at ein kan lasta over materiell (bilder, filer ...) frå min maskin til utbydar sin maskin (server). Dette kan vera interessant for både notida og ettertida fordi stoffet ikkje bør vera ein person (her meg) sitt, men i stiftinga si eige. Kostnad for dette er ca kr 1000,- / år.

Kjell Einar Thorkildsen

BALANSE VALESTIFTINGA

| Tekst | Passiva | Aktiva |
|-------------------------|-----------------|-----------------|
| Bankinnskot pr.31.12.04 | | 50188,94 |
| Resultat 2004 | 38445,02 | |
| Utestående krav | | |
| Husnes Maskin - lossing | 4380,92 | |
| Kvinnherad ferdigbet. | 6138 | |
| A.Eskeland - pukk kai | 1116 | |
| Rekvisita | 109 | |
| Sum | 50188,94 | 50188,94 |

PROSJEKTREKNESKAP

PROSJEKT 1: VALEKAIEN/SJØBUA

Utgifter

| DATO | TEKST | BILAGSNR. | INN | UT |
|---|------------------------------|-----------|--------------|-----------------|
| 08.jun | Husnes Røyr - div. deler | 3 | | 441 |
| 15.jul | Trelasten div. material | 4 | | 2399,5 |
| 04.okt | Heko takst | 5 | | 2753 |
| 12.okt | Kvinnherad ferdigbet. | 6 | | 10515 |
| 19.nov | Kvinnherad ferdigbet. | 9 | | 6138 |
| 07.des | A.Eskeland pukk til kaien | 10 | | 1116 |
| 23.des | A.Olsen div. deler til kai | 11 | | 4070,56 |
| Sum utgifter: | | | | 27433,06 |
| Inntekter: | | | | |
| 30.mar | Kvinnherad kommune - stønad | 19 | 10000 | |
| 15.apr | SKL - stønad | 20 | 5000 | |
| 26.apr | Sande & far A/S | 21 | 1000 | |
| 04.mai | KS Bank - stønad | 22 | 5000 | |
| 21.jun | P/L Fjellberg Kraftlag - stø | 23 | 5000 | |
| 08.jul | Skarveland Rørsystem A/S | 24 | 5000 | |
| 13.sep | Gåve - Valekaien | 25 | 5000 | |
| 22.des | Valen Helselag - stønad | 26 | 5000 | |
| 28.des | Fjellberg Kr.I nærmiljømidl. | 27 | 15000 | |
| Sum inntekter | | | 56000 | |
| Saldo for prosjektet pr.31.12.04 | | | | 28566,94 |

| | | | | |
|-----------------------------------|--------|------------------------------|----|-----------------|
| PROSJEKT 2: POSTVEGEN | | | | |
| | | | | |
| | 31.okt | A.Eskeland gr. Teigadalen | 7 | 21000 |
| | 05.nov | Husnes Mask. Lossing | 8 | 4380,92 |
| | | | | |
| Sum utgifter | | | | 25380,92 |
| | | | | |
| | 13.des | Smil midl. Fylkesmannen | 29 | 21000 |
| | 28.des | Fjellberg kr.l. Nærmiljømidl | 28 | 15000 |
| | | | | |
| Sum inntekter: | | | | 36000 |
| | | | | |
| Saldo for prosjektet pr. 31.12.04 | | | | 10619,08 |

Revisor har vore: Tore Bjerke, Stord

Status for utestående søknader om tilskudd

x Sven Løkelandx

Det ble sendt søknader til diverse offentlige instanser pr. oktober 04 etter at formalitetene rundt stifinga var kommet i orden og registreringsdokument fra Brønnøysundregisteret var mottatt. Kulturkonsulent Sissel Årseth har lagt ved positivt følgeskriv til alle søknadene.

- **Norsk Kulturråd:** Avslag (skriv av 08.12.04). Hørte for øvrig på NRK at terskelen for å få støtte var meget høy. I Rogaland ble det kun innvilget støtte til 1 prosjekt av 50 søkere.
- **Hordaland Fylke via kultur og idrett:** Søknaden blir behandlet i kultur og ressursutvalet i mars 05. Har fått Skriv (03.11.04) om at det er lite midler til fordeling og at de fleste vil få mindre enn de har søkt om. Det er søkt om kr 40.000 x 2 fordelt på 2005 og 06.
- **Kvinnherad kommune:** Skriftlig tilbakemelding fra kulturkonsulent Sissel Årseth: "Søknaden dykkar vil verte vurdert for støtte i 2005 og vi vil kome attende til saka". Det er søkt om 40.000 x 2 fordelt på 2005 og 06.
- **Miljøverndep. / Riksantikvaren over ordningen: Tilskudd til kystkultur:** Ingen tilbakemelding foreligger. Det søkt om kr 40.000 i 2005 og 06 som over.
- **Styret i HelseFonna:** Det er søkt om kr 50.000 pr 01.12.05. Vi har ikkje fått svar så langt.
- I tillegg er det søkt om kr 220.000 fra **Direktoratet for naturforvaltning** til friluftsmål (rastehytter / turstier etc.) Konkret søkes det om midler til opparbeiding av 10 km stier og gangveier, mindre broer, skilting og

merking av disse, samt bygging og oppføring av 10 rastehytter og 4 gapahuker. Prosjektets mål er å legge til rette for lett tilgjengelig friluftsliv for brede brukergrupper fra barnehage til og skolebarn til pensjonsister og grupper med særskilte behov. Samtidig ønsker en å involvere og aktivisere psykiatriske pasienter både i produksjon, tilrettelegging og praktisk gjennomføring. Prosjektet vil være et praktisk og organisatorisk spleiselag mellom Valestiftinga som iverksetter, koordinator og søker og psykiatrien som står for den praktiske del av jobben under ledelse av fagfolk med både håndverksmessig (tømrer / snekker) og psykiatrifaglig bakgrunn. **Svar på søknaden skal foreligge innen 15. mars 2005.**